

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.03.2017
SAKSHANDSAMAR: Kst. Administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Styresaker til oppfølging per 22.03.2017**
ARKIVSAK:
STYRESAK: **014/17**
STYREMØTE: **29.03.2017**

Administrerende direktør si orientering punkt 6

Saka viser oversikt over saker til oppfølging.

Sak	Frå	Framdrift	Status
017/16 Samhandling med kommunane	13.04.2016 VedtakStyret ynskjer at det vert utført ei juridisk vurdering av handlingsrommet for Sjukehusapoteka Vest med omsyn til samarbeid med kommunane.	Juridisk vurdering utført av Helse Vest den 21.08.2016 (Sak 044/16) med anbefaling om å vidareføre dagens praksis. Styret bad administrasjonen vidareføre dagens praksis samt arbeide med å avklare korleis SAV kan delta i samarbeidsavtalar mellom sjukehusføretaka og kommunane. SAV deltek i arbeidsgruppe leia av Helse Førde om delavtale legemidlar i Sogn og Fjordane. Ikkje avslutta. SAV har presentert Nordfjordprosjektet i styret til Helse Førde 24.mars 2017.	Til oppfølging
024/16 Årleg gjennomgang av styrande dokument	11.05.2016 VedtakStyret ber Administrasjonen i dialog med eigar vurdere å oppdatere vedtekter pkt. 5.2 , oppdatere tal styremedlemmer i Styreinstruks pkt. 2 samt påføre revisjonsdato i dokumenta.	Vedteker er oppdatert i og meldt som sak til føretaksmøte. Styreinstruks er oppdatert. Oppdaterte dokument vert lagt fram for styret 1.juni 2017.	Til oppfølging
052/16 Lukka legemiddelsøyfe og produksjon av eindose	04.10.2016 Vedtak ..Styret tek saka til orientering og ber administrasjonen melde saka inn til Helse Vest RHF.	Saka er følgt opp ved nedsett arbeidsgruppe i samarbeid mellom SAV og Helse Stavanger for vurdering av legemiddellogistikk ved nytt sjukehus i Stavanger. Arbeidet er meint å være første steg i regional vurdering.	Til oppfølging

Sak 005/17 Styringsdokument	01.03.17 Vedtak... Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF med følgjande kommentarar: <ul style="list-style-type: none"> • Styret ber administrasjonen presentere konkret innhald i aktivitetar knytt til læring og meistring av Legemiddel. • Styret ber om rapport på forskning i regi av Sjukehusapoteka Vest . 	Presentasjon av aktivitetar knytt til læring og meistring av legemiddel vert lagt fram for styret i møte 1.juni 2017. Rapport på forskning i regi av Sjukehusapoteka Vest vert lagt fram for styret i møte 1.juni 2017.	Til oppfølging
Sak 006/17 Risikostyringsmål 2017	01.03.17 Vedtak... Styret ba om at administrasjonen tek med korleis ein jobbar med risikostyringsmåla i rapportering.	Rapportering om arbeid med risikostyringsmål vert inkludert i risikorapportering for fyrste tertial 2017.	Til oppfølging